

† KYRKJEHELSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 3 SOMMAR 2012
37. ÅRGANG

DU ER PETER, OG PÅ DETTE FJELLET VIL EG BYGGJA MI KYRKJE,
OG DØDSRIKEPORTANE SKAL IKKJE FÅ MAKТ OVER HENNE. EG VIL GJE
DEG NØKLANE TIL HIMMELRIKET; DET DU BIND PÅ JORDA, SKAL VERA
BUNDE I HIMMELEN, OG DET DU LØYSER PÅ JORDA, SKAL VERA LØYST I
HIMMELEN.

MATTEUS 16, 18-19

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

Helge Kolstad	56 19 22 80
Tom Sverre Tomren	56 19 22 82
Inge Sørheim	56 19 22 83
Liv Skoglund	56 19 22 84
Kåre Rivenes	56 19 22 85
Ruth Hauge	56 19 22 86

Prestane:

Sokneprest Tom Sverre Tomren
Tlf: 45 63 68 93

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkjeleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
Margrethe R. Ådland, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:


Gjerstad: Roger Breivik
Hosanger: Jan Roald Myking
Hamre: Merethe Mjelstad
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjeheising redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy
TRYKK: BODONI



Sommar!

Lyset fyller plassen med nokre menneske framfor ein tempel-lignande bygning. Dette er rammene rundt den sentrale handlinga vi ser på framsidebiletet: Jesus gjev himmelport-nøklane til Peter. I Matteuskapitlet står det at Jesus ordla seg slik: "Du er Peter, og på dette fjellet vil eg byggje mi kyrkje". Eigenamnet Peter tyder fjell, slik at setninga kan tolkast til at Jesus seier om kyrkja at ho skal fundamentertast på Peter. Den katolske kyrkja reknar læresveinen Peter som sin første pave, og at Jesus her gjev pavedømmet legitimitet. Vidare seier Jesus ifølgje Matteus: "Eg vil gje deg nøklane til himmelriket". Det var sjølv sagt ikkje snakk om fysiske nøklar Peter fekk overlevert, men i kunsten har ein framstilt det slik, for å gjera bodskapen tydeleg. Den katolske kyrkja nyttar framleis to nøklar lagde i kross som sitt viktigaste symbol. I meir folkelege uttrykk møter vi også Peter som dørvakt til himmelporten.

Biletet vi ser eit utsnitt av på forsida er måla direkte på veggen i det Sixtinske kapellet, som er paven sitt eige kapell i Vatikanet. Det var Pietro Vannucci (1446-1523) som utførte arbeidet i 1480. Målaren er betre kjend for tilnamnet sitt, *Perugino*, som tyder noko slikt som "Mannen fra Perugia". Han fekk i oppdrag å måla fleire veggar i kapellet, også alterveggen. Men dei arbeida blei overmala allereie på 1530 – talet, då Michelangelo laga den kjende dommedagsframstillinga der.

På biletet er hendinga laga til som ein seremoni, der personar frå fortid og samtid tek del og er vitne. Bak Jesus ser vi patriarkar med langt skjegg frå det Gamle Testamentet, og bak Peter nokre av læresveinane. Johannes er som vanleg framstilt ung med lyst, langt hår like bak den knelande hovudpersonen. Vi kan identifisera dei bibelske personane som har ein litt utspeide glorie over hovudet, og går kledd i lakenlignande side drakter. Så er det med personar frå målaren si samtid, inkludert kunstnaren sjølv som ser beint på oss frå høgre biletkant, brunkledd med ei lue og litt rufsete hårmanke. Desse personane går i 1400 – tals klede.

Perugino var ein banebrytar innanfor tidleg renessansekonst. Han var glad i å visa at han meistra sentralperspektivet, vi ser det tydeleg her med linjene på plassen, og dei små figurane i bakgrunnen. Han var læremester for den meir berømte Rafael, og det finns heldigvis mykje vakker kunst etter han som vi kan sjå den dag i dag.

- Kristoffer Foldøy

“Kjærighetens evangelium”

Sverre Kallekleiv har sendt “Kyrkjeheising” eit brev med tre vers nedskrivne av Johannes Bysheim. Det viste seg å vera starten på “Kjærighetens evangelium”, og vi trykkjer her alle versa.

Forfattaren Friman Clasen, populært kalla Lyktemannen, (1894 - 1970) var frå Oslo. Han blei først kjend som revyviseforfattar, seinare som humorist både på scena og i radioen. Men han skreiv ikkje berre komiske vers. Visa “Lykkeliten” er kanskje den mest kjende vi har etter han, som Erik Bye gjorde til folkeeige. På sine eldre dagar skreiv han også nokre religiøse tekstar, slik som dette vakre diktet.

*Kjærheten er det største, den er selv livets salt.
Kjærheten er det første, den forstår og tilgir alt.
Den er lyset i ditt øye, den er gjerningenes mor;
Den er kommet fra Det høye som er stjerneskudd til jord.*

*Den er helsebot for sjelen, den er all hjerters trang,
Den er perlen og juvelen, den er Himlens egen sang.
Den er lysringen om tronen som kun englene får se,
Den er kraften, den er kronen, selve skapelsens idé.*

*Om jeg sliter hardt og strever med en streng moralitet,
Er det spilt det liv jeg lever hvis jeg ei har kjærighet.
Om jeg gjør alt det som kreves og er ren som en asket,
Er det like fullt forgjeves, om jeg mangler kjærighet.*

*Om jeg her i verdens have på min vandring rundt omkring,
Eier stor profetisk gave, så betyr det ingenting,
Selv om alt mitt gods jeg sender til den fattigste jeg vet,
Og mitt legeme jeg brenner om jeg ei har kjærighet.*

*Kjærheten er rettferdig, bærer ikke nag og nid,
Aldri usann og uverdig, den består til evig tid.
Om jeg evner å fortelle alt jeg kan og alt jeg vet,
Er jeg kun en klangfull bjelle om jeg mangler kjærighet.*

*Kjærhet tror og tåler, er langmodig, håper alt,
Den er hjertelagets måler, den gjør aldri noe halvt,
Den forsoner og forlater, og står ondskapen imot,
Og den tvinger den som hater ned i kne ved korsets fot.*

*Den vil lege all din smerte, den vil bøye all din tross,
Den er født i Jesu hjerte, og gitt videre til oss.
Den vil alle synder sone, den vil løse hvert problem,
Den er evighetens tone, i det Himmelske system.*

Friman Clasen (“Lyktemannen”) (1894-1970)



MILJØ OG KRISTEN TRU



Har miljøengasjement noko med den kristne trua å gjere?

Biskopen vår seier ja. Kyrkja sitt høgste valte organ, kyrkjerådet, seier ja. Eg som lokal prest seier ja.

Det finnast likevel mange som seier nei og stiller seg uforståande til at økologi og miljøvern har noko med tru å gjere: Ei spørjeundersøking mellom kyrklelege tilsette nokre år tilbake viser at om lag 30% svarer nei på om tru og miljøvern høyrer samman , 30% seier ja ,og om lag 40 % svarer veit ikkje.

No er det interessant nok å sjå kva ulike folk meiner om dette, men det er endå meir interessant å sjå kva bibelen seier. Som kristne spør vi etter bibelen sin hjelp til å skilje mellom kva som er rett og gale. Der kan vi sjå korleis Gud vil at vi skal leva ”det gode liv”. Det er bibelen vi bygger etikken vår på.

Har Bibelen noko å seie om miljøvern? Det har den.



Bibelen seier ein heil del om mennesket sitt forhold til resten av skaparverket. Eg skal ta dykk med på ei kort reise gjennom nokre aktuelle linjer i den heilage skrifta.

1. Mennesket er eit naturvesen som er avhengig av resten av naturen.

Bibelen sitt menneskesyn er økologisk. Det første mennesket heiter *Adam*. Dette kan omsetjast til jordmennesket. Mennesket sitt opphav er jorda. Ein dag skal det verta til jord att. I første Mosebok ser vi og at mennesket er skapt samme dag som landdyra. I Salmane les vi meir om kva dette tyder. Der står det at mennesket på same måte som alle naturvesen er ein del av den store livsveien: Vi er samanfletta med allnaturen (Jfr. Salme 104) . Vi treng grøda frå marka for å leve, vi treng reint vatn, og vi treng frisk luft for å puste.

Vi er med andre ord sett saman av byggesteinar som har vorte til gjennom naturen sine syklusar. Når vi bryt ned mangfaldet av økologiske system bryt vi dermed ned oss sjølve! Naturøydelegging er det samme som å øydelegge livsvilkåra for nesten vår. Det er å øydelegge for kommande slekter. Dei som blir råka først er dei som bur i dei meste belasta områdane på kloden. Det er oftast dei fattigaste.

2. Bibelen fortel oss og at alt livet i naturen er der fordi Guds Ande skaper det (Salme 104 . 29-30).

Når vi bryt ned livsmangfoldet i naturen skadar vi oss sjølve (og dei andre artane), og vi motarbeider Guds eigen livsskapning. Å øydelegge mangfaldet i naturen er det samme som å krenke både nesten vår og Gud (Jfr.Matteus 22 24-40).

3. Mennesket si oppgåve på jorda er å verne og dyrke hagen. I 1. Mos. 2.15 finn vi at Gud gir mennesket ei særstilling mellom alle artane han har skapt: Mennesket skulle ”dyrka og verna hagen”. Vi skulle passe på at Guds skaparverk ikkje vart øydelagt. I år 2000 er det vanskeleg å lese dette som noko anna enn som eit kall til å verta ”miljøvernar”.

4. Då Jesus kom til jorda vart han eit menneske(Joh. 1.14). Med dette blei Jesus og eit økologisk vesen. Han drakk vatn frå bekken. Han åt korn frå markene og fisk frå sjøen . Kroppen hans vart bygd opp med materiale som kunne førast tilbake til plantane sin fotosyntese. Då Jesus hang på krossen som eit menneske, så hang han der og som ein del av allnaturen. Då Jesus for opp til himmelen og tok noko menneskeleg tilbake til Gud, då tok han og ein del av allnaturen tilbake til Gud.

Naturen står dermed midt i sentrum av den kristen trua: Den har ein plass i frelseshistoria!

Vi ser dette klarare når vi rettar fokus på korleis bibelen snakkar om naturen sin plass i himmelriket. Bibelen seier at heile skapningen ventar på den dagen Jesus kjem att (Rom. 8.21-22).Då skal trea klappe i hendene. Den dagen skal ulven og lammet beite side om side. Jesus si gjerning på korset har gjort at heile naturen skal verta forløyst.

Om kristen tru har noko med miljøengasjement å gjere?

Om vi tek bibelen på alvor i vår tid, så er nok svaret ja!

ADAM- AV JORDA:

Du er natur
Har livet i gave
skapa til ei oppgåve:

Verna og dyrka hagen!
1. Mos 2.15

*Helsing
Tom S Tomren
Sokneprest*

Ei lita vekslesing frå konfirmant boka ”krossveg” :

L: Eg trur på Gud Fader. Skaparen av himmel og jord

A: Å misbruка skaperverket er ein hån mot Gud


L: Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne son.

A: Han har vist oss ein annan veg enn forbruk og egoisme.

Alt vi har er gåver frå Gud . Vi skal dela dei rett mellom oss.

L: Eg trur på den heilage Ande

A: Anden vil gjeve oss kraft og mot til å kjempa for Guds skaparverk. Den vil visa oss lovnaden frå Gud om at jorda ein dag skal verta ny!



TOLERANSE

Ordet ”Toleranse” betyr: Overbærenhet overfor oppførsel, meninger og lignende som avviker fra ens egne.

Det er viktig, synes jeg, å vise toleranse overfor andre mennesker. Vi er mange, både i antall mennesker og med ulik natur i samfunnet vårt. Man gjør forskjellige ting ut fra evner og interesser. For at hverdagen skal være god å leve i bør vi i utgangspunktet være positive mot hverandre. Vi kan støtte hverandre både psykisk og fysisk. Lykkes noen og forteller oss med glede om dette skal vi være glade på deres vegne. Så sant det ikke går ut over noen på en negativ måte skal vi oppmuntre vedkommende til å fortsette, også på områder som vi aldri kunne tenke oss å delta i selv. Vi skal ikke sette oss på vår høye hest og sende melding om at ”dette er da ikke noe å skryte av, jeg kunne jo – om jeg hadde vært interessert, gjort det mye bedre!”

Man skal tolerere at andre er flinke, og ikke leve etter uttrykket ”Du må ikke komme her og komme her”.

Vi lever i et flerkulturelt samfunn, og utfordringene for å vise toleranse settes på nye prøver. Og toleransen må også ha sine begrensninger, tross alt.

Hva som er rett og galt vil alltid være en vurdering. Toleransen må ikke ende opp i likegyldighet.

Det er viktig å ta et standpunkt, og å si sin mening, uten å fordømme motparten.

Jens Bang har sagt det nokså treffende: ”Herre-gjør meg mer tolerant overfor de som irriterer meg. Og Herre, gjør først og fremst disse individene mindre irriterende”.

Man vil ha i pose og sekk. Først be om å være tolerant for deretter å velte skylden for vår intoleranse over på vår neste.

Ligger det noe der? Har vi vanskelig for å være tolerante? Kunne tilgi?

For noen er dette vanskeligere enn for andre. Noen av våre krigsveteraner har nok problem med å tilgi overgrep fra fienden som har satt seg. Og det skal vi tolerere at de har!

Jeg håper dere er enige i det jeg har skrevet – eller i hvert fall viser meg en smule toleranse!

Wenche Fiskesteth,

Soknerådsleiar Bruvik.



"HIMMERIKETS BLOMSTER GROR"



Magnus Brostrup Landstad (1802 -1880) var ein norsk prest som skreiv salmar og samla folkeviser. Tekstilkunstnar Borgny Svalastog har teke på seg å levandegjere nokre av Landstad sine tekstar i bletspråk, og denne utstillinga kjem til Hosanger i sommar.

Tekst: Kristoffer Foldøy

Bak utstillinga står det nasjonale Landstadsenteret som på denne måten vil vidareutvikle og aktualisera arven etter salmediktaren. Tittelen til utstillinga har Svalastog funne i eit vers av Landstad, "Jeg løfter opp til Gud min sang", der det står i ei strofe:

*Når fikentrete skyter blad, jeg er så glad,
da bliver her snart sommer.
Når himmerikets blomster gror, forvisst jeg tror,
Guds rike snarlig kommer!*

Utstillinga er sett saman av 25 tekstilarbeid, inspirert av ulike tekstar vi har etter Landstad. Ho har nyttå både hans eigne salmetekstar og religiøse folkeviser han har samla som inspirasjonskjelde. Bileta er for det meste i formatet 98 x 62 cm.

Borgny Svalastog som er fødd i Romsdalen i 1943, bur og arbeider no på Lillehammer. Ho har ei lang liste med arbeid bak seg. Repetoaret omfattar kyrkjetekstilar til meir enn 40 kyrkjer og 5 bispekapér til 3 biskopar. Ho har også utsmykka ei rekke kyrkjer.

DRAUMKVEDET

*Kom eg meg til pilgrimskyrkja
Der var ingen mann god.
Berre mi sæle gullmor
Ho gav meg nye sko.
I Broksvalin der skal domen stande.*

Så har ho hatt separatutstillingar i inn- og utland så ulikt som i Pilgrimsmuseet, Santiago de Compostella, Trygve Lie Gallery, New York og Nidarosdomen her heime. Ho vert rekna som ein fornyar av kunst i kyrkjeleg samanheng.

Utstillinga, som også vert kalla *visuell poesi* og frå kunstnaren si side vil utfordra oss til refleksjon, vert ikkje vist andre stader på vestlandet enn i Hosanger kyrkje. Den offisielle opninga og opningstidene ellers finn de under "Konsertar og anna" lenger bak i bladet.

Det er Osterøy kunstlag som saman med Hosanger sokneråd står som lokal arrangør av utstillinga.



Frå fjord og fjære

KONFIRMANTAR I GJERSTAD



1. rad frå v: Maria Tysse, Barbro Mjelde Solberg, Ingeborg Vevle, Tom Sverre Tomren, Emilie Birkeland Solberg, Julie Walle, Line E. Vevle

2. rad frå v: Anette Hannisdal, Anna Vedå, Amalie H. Lone, Rita Holsen Mjelstad, Teija J.K.P. Raknes, Siri Hauge, Hanne Jakobsen, Ingrid Skeidsvoll, Sigrid B. Teigland

3. rad frå v: Ole Marius Tysse, Petter Rongved, Malvin Kleppe, Eivind Njåstad, Sander Sakstad Søgnesand, Henrik Moslet Borge, Sjur A. Hartveit, Nikolai N. Tyssebotn, Joar Vik Larsen, Simon Aleksander Njåstad

4. rad frå v: Marius T. Teigland, Torstein R. Vevle, Hans Petter Hauge, Aksel B. Dyrkolbotn, Henrik Bernes Bertelsen, Emil Ahmer Solberg, Ivar Bjørgo, Eirik Hannisdal Kleiveland

Fotograf: Storebø

KONFIRMANTAR I HAUGLAND



1. rad frå v: Rebekka L. Eidsnes, Helga N. Teigland, Malin M. Rolland, Tom Sverre Tomren, Andrea D. Haugland, Anna Lorentze F. Galaz, Silje L. Stokke

2. rad frå v: Kristine R. Antun, Lisa Mostrøm, Daniel Rolland, Henrik A. Hestnes, Eivind Vikne, Martin Veseth, Martin Mjøs, Sondre Mjelde, Anders M. Stokke

Fotograf: Storebø

KONFIRMANTAR I HAMRE



1. rad frå v: Marte Kalland, Karoline Konstanse Bjerkli, Mabel Jacobsen, Inge Sørheim, Yvonne Drange, Bianca Skår, Lene Gundersen Hjelmeland

2. rad frå v: Anja Marie Hanstvedt, Stine Marie Strandnes, Louise Reigstad, Hanna Slettebakken, Zoë Nora Dagg, Malene Tepstad, Ingrid Sofie Birkaas, Annelin Lunde, Eline Askeland Mjelstad, Åshild Mei Hartveit

3. rad frå v: Jonas Eikeland, Sondre V. Edvardsdal, Halvor Einar Hagenes, Sebastian André Haugland, Sindre S. Elvik, Roy Harald M. Tangerås, Glenn Ivan O. Røssland, Kristoffer Christensen

Fotograf: Storebø

KONFIRMANTARI HOSANGER



1. rad frå v: Vivian Tepstad, Dorthe Karlsen Grotte, Sandra Jacobsen Siglevik, Inge Sorheim, Ida Marie Larsen, Susanne Skråmestø, Annette Bernes

2. rad frå v: Ivar Mjelde Hanstveit, Ravn André Tysse Villegas, Karoline Liland, Marie Vevle Hartveit, Grete Beckstrøm Vedå, Eva-Maria Kopecka, Ørjan Kleppe, Krister Bratli, Bjørn Ådne Ophus Tyssebotn

3. rad frå v: Benjamin Bolset Kleppe, Ole Kristian Fotland Dæmring, Mathias Gjetreim Balestrand, Kim André Kårstad, Bjørnar Rødseth Storebø Markussen, Martin Johannes Tysse, Reimar Røsland Teigland

Fotograf: Storebø

STAT-KIRKE – HVA NÅ?

I denne artikkelen svarer kirkerådsleder Svein Arne Lindø på sentrale spørsmål.

Mange har fått med seg at Grunnloven ble endret 21. mai. Men ikke alle vet at kirken har vært og er en viktig pådriver i prosessen. Noen tror at å miste privilegier som statskirke er uønsket, men Den norske kirkes ledelse har jobbet i mange år for løsere bånd mellom stat og kirke. Og nå er stat og kirke på rett vei – hver sin vei.

Likandes likebehandling

Med ny tekst i Grunnlovens §§ 2 og 16 er ikke lenger den evangelisk-lutherske religion statens offentlige religion, og tros- og livssynssamfunn skal behandles likt. Loven slår fast at Den norske kirke ikke lenger er en statskirke, men en folkekirke. Og verdigrunnlaget skal være vår kristne og humanistiske arv.

I juni sender Kirkerådet ut Kirkeordning etter 2013, et refleksjonsdokument fra Kirkerådet til alle menighetsråd. Dette dokumentet gir innføring i problemstillinger rundt fremtidens kirke, og bør behandles av menighetsråd og menighetsmøte. Det er ønskelig at alle rådsinstanser etter gjennomgang gir tilbakemelding til Kirkerådet på viktige spørsmålsstillerer bakerst i heftet. Spørsmålene besvares elektronisk, <http://response.questback.com/kirken/kirkeordning/>

Lurer du på noe?

Svein Arne Lindø er Kirkerådets valgte leder. Han svarer under på spørsmål om hva grunnlovsendringen innebærer for kirken og staten. Dette er spørsmål og svar som med fordel kan benyttes av menighetsblader for å informere bredt ut til kirkens medlemmer.

Hvorfor er kirkens ledelse tilhengere av endringen?

Samfunnet består av ulike mennesker, som i stadig større grad har ulike religiøse ståsted. Det er ikke naturlig at staten skal favorisere en tro. En stat kan dessuten ikke være troende, men det kan og skal en kirke, og det er kirkens som skal stå folket nær i troen. Kirken får med endringen utnevne egne prostør og biskoper, og det er på høy tid at et trossamfunn får velge sine egne, religiøse ledere. Så Den norske kirke ønsker endringene velkommen, og er glad for at alle partiene på Stortinget har kunnet stille seg bak.

Hva skjer med helligdagene?

Det vil ikke bli noen endring i helligdagene vi feirer i dag. De er både religiøst og kulturelt godt forankret i det norske samfunnet.

Hva skjer med finansieringen av Den norske kirke?

Både politikere og kirkeledelse er interessert i å fortsette dagens ordning, der Den norske kirke er finansiert over statsbudsjettet og den enkelte kommune. Det er altså ikke aktuelt å innføre kirkeskatt slik de har i Sverige. Jeg tror likevel at vi må være klar over at vi i framtidens kirke nok må ta et større privat ansvar for å dekke utgifter til den lokale menighets arbeid. I dag er dette noe mange allerede gjør når det gjelder misjon og enkelte ansettelses, men jeg tror altså at dette blir viktig også på andre felt. Selv om stat og kommune fortsatt skal finansiere mesteparten av driften, må vi nok ta mer økonomisk ansvar for egen menighet, slik man i større grad gjør i andre tros- og livssynssamfunn.

Må man melde seg inn i kirken på nytt?

Nei, er man døpt og ikke har meldt seg ut, står man som medlem i Den norske kirke.

Er egentlig forandringen så stor?

Dette er ikke noe definitivt skille mellom stat og kirke. Prester, prostør, biskoper, ansatte sentralt og på bispedømmekontorene vil fortsatt være lønnet av staten, og Den norske kirke skal forblí landets folkekirke. Men kirkens egne organer skal altså få utnevne prostør og biskoper. Endringene tydeliggjør Den norske kirke som trossamfunn og dette er prinsipielt viktig. Lovteksten tydeliggjør at også Den norske kirke må behandles av staten ut fra prinsippet om tros- og livssynsfrihet, i likhet med øvrige tros- og livssynssamfunn. Så lovendringen er utvilsomt av størst betydning for staten, og ikke for kirken, som i all hovedsak er den samme.

Vil menighetene oppleve at kirken er annerledes?

Vi tror at menighetene vil bli mer engasjert i en kirke som i større grad styrer seg selv. Jo mer aktiv man er i kirken, jo mer får man være med og prege den. Den nye folkekirken vil komme nærmere folket, men ferner fra staten, men dette engasjementet kan nok merkes vel så godt gjennom involvering i ny gudstjenesteordning.

Noen er redd for at de nye lovtekstene betyr en avkristning av Norge?

Endringene i Grunnloven påvirker relasjonen mellom kirke og stat, men disse endringene har ikke noe med en eventuell «avkristning» av Norge å gjøre. Den nye § 16 viser en stat som vil behandle den tidligere statskirken som det trossamfunnet den alltid har vært. Slik jeg ser det, er Norges kristne forankring minst like sterkt med den nye formuleringen av § 2 i Grunnloven, som med den tidligere formuleringen. Det er andre forhold som avgjør kristendommens fremtid i Norge. Jeg tror for eksempel søndagsskole og gode konfirmantlærere betyr mer for kristendommens posisjon og innflytelse i det norske samfunnet enn lovformuleringer og regler.



DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy

JUNI

Sundag 3/6-2012, Treeiningssundag

Bruvik kl 11: Familiegudsteneste. Dåp. Vikarprest. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Raknestunet kl 11: Familiegudsteneste.

Sundagsskuleavslutning. Sørheim.

Sundag 10/6-2012, 2. sundag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Nils Arne Lavik. Bok til 6-åringane. Takkoffer til NMS. Kyrkjekaffi.

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Sundag 17/6-2012, 3. sundag i treeiningstida

Haus kl 11: Gudsteneste. Tomren. Predikant døveprest Lars Hana. Stor gruppe frå Døvekyrkja. Takkoffer til ungdomsarbeid i Døvekirken. Grilling etterpå.

Sundag 24/6-2012, 4. sundag i treeiningstida

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Ragnar Waagbø. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

JULI

Sundag 1. juli 2012, 5. sundag i treeiningstida

Revheims-stølane kl 12: Friluftsgudsteneste. Skaparverkets dag. Tomren. Musikarar. Arr.: Gjerstad sokneråd saman med Osterøy fråhaldslag og Osterøy Lions Club.

Sundag 8. juli 2012, 6. sundag i treeiningstida

Haus kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren.

Hosanger kl 19: Høgmesse. Nattverd. Tomren. Takkoffer til Kirkens ressurssenter mot vold.

Sundag 15. juli 2012, 7. sundag i treeiningstida

- ingen gudstenester -

Sundag 22. juli 2012, 8. sundag i treeiningstida

Hamre kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til 22. juli-fondet til gjenreising av Utøya.

Sundag 29. juli 2012, Oslok

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

AUGUST

5. august 2012, 10. sundag i treeiningstida

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til Nordhordland Indremisjon.

12. august 2011, 11. sundag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Tomren. Takkoffer til Israelsmisjonen.

Hamre kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd. Sørheim. Takkoffer til Radio Osterøy.

19. august 2012, 12. sundag i treeiningstida

Bruvik kl 12: Høgmesse. Nattverd. Tomren. Bruvikdagane. Skaparverkets dag.

Haus kl 17: Familiegudsteneste. Tomren. Konfirmantinnskriving. Skaparverkets dag.

26. august 2012, 13. sundag i treeiningstida

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Tomren. Konfirmantinnskriving. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

KONSERTAR OG ANNA

SUNDAG 29. JULI - SUNDAG 26. AUGUST 2012

Hosanger.

Kunstutstilling:

“Himmerikets blomster gror”.

Bilete av Borgny Svalastog, inspirerte av salmar av M. B. Landstad.

Ope sundagar kl 15-19 og torsdagar 17-19.

Tilskipar utstilling: Osterøy kunstlag og Hosanger sokneråd, med stønad frå Hordaland fylkesommune.

SUNDAG 29. JULI 2012 KL 15

Udstillingsopning.

Inger Løken frå Landstadsenteret orienterer om utstillinga.

Kristoffer Foldøy les tekstar av Landstad.

Liv Skoglund speler orgel.

SUNDAG 29. JULI 2012 KL 18

Aftansomg, med salmar av Landstad.
Sørheim.

SUNDAG 29. JULI - SUNDAG 26. AUGUST 2012

Hosanger. Sommarkonsertar i utstillinga
“Himmerikets blomster gror”.

Dei dagane utstillinga er open vert det og ein
minikonsert kl 18-18.30.

Billettar kr 50 ved inngongen, familiebillett
kostar kr 100.

Tilskipar konsertar: Hosanger sokneråd,
med stønad frå norsk kulturråd, Osterøy kommune
og opplysningsvesnets fond.

TORSDAG 2. AUGUST 2012 KL 18

Synneva Iden, sopran
Kristen Øgaard, orgel.



SUNDAG 5. AUGUST 2012 KL 18

Håkon Høgemo, hardingfele.



TORSDAG 9. AUGUST 2012 KL 18

Roar Moen, song.

SUNDAG 12. AUGUST 2012 KL 18

Jon Flydal Blichfeldt, cello.



TORSDAG 16. AUGUST 2012 KL 18

Una Anine O'Keeffe, hardingfele.



SUNDAG 19. AUGUST 2012 KL 18


Eva-Marie Skjeldrum Toppe, kveding og hardingfele,
Maria Skjeldrum Toppe, dans og hardingfele.

TORSDAG 23. AUGUST 2012 KL 18

Linda Rea Herland, fiolin
Siren Therese Wathle, piano.

SUNDAG 26. AUGUST 2012 KL 18

Vrimmel:
Steinar Strand, gitar, seljefløyte, song/kveding,
Anna Margareth Breivik, cello, torader & song,
Sofie Mortvedt, fiolin, hardingfele, torader, song.



Kyrkjevandring sundag 23. sept.

På gamal sti til Hamre

Familiegudsteneste kl 16.00

Kyrkjekaffi ca. kl 15.30

Denne sundagen kan gamal som ung ta vandringsstaven fatt og oppleva korleis det var å ta seg fram fra Valestrand til Hamre kyrkje for nokre hundre år sidan. Vegvisaren tek då den øvre vegen, bl. a. over Eikelandsfjellet. Vakker utsikt, hyggeleg følgje og god trim er gratis!

På Hamre vert me gjort stas på med servering av kyrkjekaffi før me kan delta på familiegudsteneste.

Bak kyrkjevandringa denne sundagen står Osterøy fråhaldslag saman med helselaga på Valestrand, Hamre og Hjellvik. Ein del praktiske detaljar vert kunngjort seinare ved oppslag og melding i Bygdnytt. Start vert frå Skår/Rundhovde kl 13.30, men parkeringa må vera på Valestrand.

Kryss av på kalendaren, og glede deg til ein opplevingsrik dag!

Meldar

(Foto: Helge Aspevik)

Slekters gang

Døypete:

Bruvik

06.05.12 Sofie Skulstad Bjerke (Busett Rådal)

03.06.12 Natàlie Hunskår

Gjerstad

20.05.12 Madelen N. Langeland

20.05.12 Amanda Hansen RolfsvaagHamre

Hamre

22.04.12 Maren Høvik Haugland

17.05.12 Maria Birkeland

28.05.12 Maria Valvik Birkeland

28.05.12 Sunniva Deisz Sandal (Busett i Eidsvåg)

Hosanger

27.05.12 Oliver Tinbod Alden

27.05.12 Odin Neset

10.06. 12 Vilde Fjellskålnes

10.06.12 Amalie Hellevang Haugen

Vigde:

Haus

12.05.12 Hilde Sofie Rosnes og Tom Krossøy
(Hamre sokn)

Hamre

26.05.12 Jenny Ann Kallekleiv og
Espen Busteflex Nilssen (Gjerstad sokn)

Gjerstad

09.06.12 Sandra Solberg og Bjarte Nygard
(Arna sokn)

Gravlagde:

Haus

03.05.12 Wenke Rolland (f.1975) (bisett)

15.06.12 Nils Opkvitne (f.1928) (bisett)

Hamre

5.05.12 Eivind B. Reigstad (f.1928)

08.06.12 Atle Svein Orvedal (f.1957)

Hosanger

18.05. Mabel Røslund (f.1917)

Gjerstad

24.04.12 Magnus Erling Vevle (f.1935)

11.05.12 Sivert Fjeldstad (f.1925)

22.05.12 Solveig Solberg (f.1916)

05.06.12 Alf Midttun (f.1926)

SENIORHELG

på

HELGATUN FJELLPENSJONAT ved foten av Vikafjellet.

NMS Bjørgvin inviterer til

Seniorhelg på Helgatun Fjellpensjonat

i tida 30. august – 2. september.

Rikhaldig program både inne og ute
med høve til å gå lange eller korte turar
i dei vakre fjellområda rundt Helgatun.

Bibeltimar v/ Per Fimreite og

Etiopia-informasjon ved

Rannveig og Tor Dag Kjosavik.

Pris: Kr. 1900,- i dobbeltrom

og kr. 2150,- i enkeltrom.

Påmelding til *Alvhild Vassel Eide*,

mob. 404 06 044 , e-post: ave@nms.no

Fortløpende påmelding.

Nærare orientering om leir og reisemåte
kan ein få ved å kontakta den same.

VELKOMEN

til langhelg og gildt fellesskap!

ANNONSAR

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30



Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no



EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER
AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR
Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

KONFIRMANTAR I BRUVIK



Foto: Rune Solberg

1. rad frå v.: Maria Hesjedal, sokneprest Tom Sverre Tomren, Lene Hetlevik.

2. rad frå v.: Camilla Bruvik Hauge, Jakob Kristian Skjold Olsen, Matias Hagenes, Martin Aspevik og Morgan Rolland

"Kyrkjeheising" ønskjer lesarane ein god sommar i von om passelege mengder med sol og regn, med trivelege temperaturar på land og gjerne i sjøen også for dei som trivst best der. Stoff til neste nummer må vera sendt redaksjonen innan **24. august**.

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.

E-mail: kristofferfo@gmail.com



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omsaum

bunadsølv

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no